



**Gebyrregulativ og gebyr for tekniske
oppgåver.**

Kvinnherad kommune

2009

Vedteke av Kvinnherad kommunestyre 18.12.2008.

Gebyrregulativ og gebyr for tekniske oppgaver omfattar:

I. Gebyr for myndighetsoppgaver side 4-9

Reguleringsplanar, byggesak, deling, oppmåling, konsesjon, utslepp

II. Gebyr/betaling for tenesteyting side 11-12

Feiing, vatn og avløp, renovasjon, slamtøming, utstikking bygg

I: Gebyr for myndighetsoppgåver

Regulativet er heimla i:

- . § 109 i Plan og bygningsloven av 14. juni 1985
- . § 5-2 i Lov om kartlegging, deling og registrering av grunneiendom (delingsl.) av 23. juni 1978
- . § 7 i Lov om eierseksjoner av 20. mars 1997§§
- . 1 b og 7 i forskrift om gebyr for behandling av konsesjonssaker m.v. av 29. desember 1993. (Forskrift til forvaltningslova § 27a.)
- . § 9 i forskrift av 12. april til forureiningslova "om utslipp fra mindre avløpsanlegg" av 12. april 2000 (Jf. forureiningslova § 52 a)

INNHALD	side
Kap. A GENERELLE REGLAR	
A.1 Betalingsplikt	4
A.2 Kva for regulativ skal nyttast	4
A.3 Betalingstidspunkt	4
A.4 Urimelege gebyr	4
A.5 Fritak for gebyr	4
A.6 Klage	4
A.7 Avbrote arbeid	4
A.8 Endring av regulativet	5
A.9 Gebyr til statlege etatar	5
Kap. B TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID	
B.1 Timepris	5
Kap. C GEBYR FOR ARBEID ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA (§ 109)	
C.1 Kart og eigeomsoppgåver	5
C.2 Plansaker (§§ 28-2 og 30)	5
C.2.1 Privat forslag til utbyggingsplan, reguleringsplan, eller endring av gjeldande utbyggings- eller reguleringsplan (pbl §§ 28-2 og 30)	5
C.2.2 Fornya søknad	6
C.2.3 Søknad om planendring	6
C.3 Tiltakssaker (bygge-og anleggssaker)	6
C.3.1 Meldingssaker (pbl §§ 81, 85, 86 a og 86 b)	6
C.3.2 Dispensasjon (pbl §7)	7
C.3.3 Søknadspilktig tiltak (pbl § 93) (ramme-og igangsettingsløyve)	7
C.3.4 Delingssøknad (pbl § 93 bokstav h)	8
C.3.5. Heis, rulletropp, rullande fortau, permanente løfteinnretningar o.l.	8
C.3.6 Endringar i høve til gjeve løyve eller levert melding	8
Kap. D GEBYR FOR ARBEID ETTER DELINGSLOVA (§ 5-2)	8
D.1 Kartforretning	8
D.1.1 Kart og delingsforretning over areal til utbyggingsformål	8
D.1.2 Kart- og delingsforretning for tilleggsareal	8
D.1.3 Kartforretning over grenser	8
D.1.4 Kartforretning over punktfeste	8
D.1.5Avbrotten forretning	9
D.1.6 Midlertidig kartforretning	9
D.1.7 Kartforretning over større samanhengande areal	9
D.2 Registrering uten kartforretning	9
D.2.1 Registreringsbrev	9
D.2.2 Utarbeiding av målebrev for grunnareal til seksjon	9
D.2.3 Ajourført målebrev etter kap. 20 i forskriftene	9
D.3 Grensepåvising	9
D.4 Registerutskrifter	9
Kap. E GEBYR FOR ARBEID ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (§ 7)	
E.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av ein eigeom	9
E.2 Utarbeiding av målebrev for grunnareal som er del av ein seksjon	9
E.3 Ny handsaming av avslegen søknad	10
Kap. F FORSKRIFT OM GEBYR FOR BEHANDLING AV KONSESJONSSAKER M.V.	10
Kap. G GEBYR ETTER FORSKRIFT OM UTSLEPP FRÅ MINDRE AVLØPSANLEGG	10
G.1 Søknader	10
G.2 Meldingar	10
G.3 Ny handsaming av avslegen søknad	10

Kap. A: GENERELLE REGLAR

A.1 Betalingsplikt

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betala gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid.

Saksgebyr skal betalast sjølv om forslag skulle bli avvist/søknad avslått, men det skal då betalast 75% av gebyret etter reglane nedanfor.

For handsaming av ny/revidert søknad skal det betalast 25% av gebyret i regulativet nedanfor.

Gebyr vert ikkje tilbakebetalt i dei tilfella der godkjende tiltak ikkje vert gjennomført.

Kommunen skal elles av eige tiltak betala attende det tiltakshavar/rekvirenten måtte ha til gode. Det same gjeld der kommunen ved feil har kravd og motteke for mykje i gebyr.

Gebyr skal betalast i samsvar med kommunen sine til ei kvar tid fastsette betalingsbestemmelsar.

Det kan ikkje krevjast rentetillegg for for mykje betalt gebyr.

A.2 Kva for regulativ skal nyttast

Gebyra skal reknast ut etter det regulativet som gjeld den datoen saka er klar for sakshandsaming (dato som frist for sakshandsaming skal reknast frå).

A.3 Betalingstidspunkt

Faktura for gebyr etter dette gebyrregulativet, vert normalt skrive ut i samband med at det vert gjeve løyve eller gjort vedtak.

Klage på fastsetjinga av eit gebyr eller avgjerd av søknad om heilt eller delvis fritak for å betale gebyr, medfører ikkje lengd betalingsfrist.

Rådmannen kan i særskilte høve krevja at gebyr er betalt før det vert gjort vedtak eller skrive ut løyve/attest.

A.4 Urimelege gebyr

Dersom eit gebyr er klart urimeleg i høve til dei prinsipp som er lagt til grunn, det arbeidet og dei kostnadene kommunen har hatt, kan rådmannen eller den som han har gjev fullmakt av eige tiltak fastsetje eit høveleg gebyr.

A.5 Fritak for gebyr

Når særlege grunnar tilseier det, kan kommunen etter kommunalt fastsette retningsliner heilt eller delvis gje fritak for betaling av gebyr til kommunen i ei konkret sak. (Slike retningsliner er ikkje vedtekne)

A.6 Klage

Det er ikkje høve til å klaga på kommunestyret sitt vedtekne gebyrregulativ, berre på enkeltvedtak fatta med heimel i regulativet.

Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak gjort i medhald av dette regulativet for gebyr etter plan- og bygningslova og forureiningslova. Kommunal klagenemnd er klageinstans for tilsvarande gebyrvedtak etter delings- og seksjoneringslova.

A.7 Avbrote arbeid

Når ein tiltakshavar/rekvirent er årsak til at kommunen sitt arbeid blir avbrote, skal det betalast gebyr i høve til det som er utført eller som kommunen må utføra.

A.8 Endring av regulativet

Kommunestyret vedtek endringar i gebyrregulativet i samband med vedtak av budsjettet for komande år.

A.9 Gebyr til statlege etatar

Der kommunen skal krevja inn faste gebyr til statlege etatar for saker etter dette regulativet, skal utskriving og innkrevjing av kommunale og statlege gebyr så langt det passar skje samordna.

Kap. B: TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID

B.1 Timepris

For gebyr som skal reknast ut etter medgått tid, jf. regulativet, skal det nyttast følgjande timesatsar:

- a. Kontorarbeid, feltarbeid enkeltpersonar **kr 568**
- b. Feltarbeid, målelag **kr 883**

Kap. C: GEBYR FOR ARBEID ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA (§ 109)

C.1 Kart og eigedomsoppgåver

Kart og eigedomsoppgåver henta frå kommunen sin digitale kartdatabase er inkluderte i sakshandsamargebyra.

Kommunen kan på særskilt bestilling levera kontrollert og oppdatert situasjonskart mot gebyr stort: **kr 1706**

C.2 Plansaker (§§ 28-2 og 30)

C.2.1 Privat forslag til utbyggingsplan, reguleringsplan, eller endring av gjeldande utbyggings- eller reguleringsplan (pbl §§ 28-2 og 30)

Saksgebyret skal kommunen rekna ut etter følgjande tabell:

<i>Gebyr</i>	<i>Enkel sak</i>	<i>Middels sak</i>	<i>Komplisert sak</i>
Basisgebyr ¹	Kr 13.242	Kr 19.865	Kr 26.487
Tillegg for avkl. av rammer	Kr 4.502	Kr 9.005	Etter medgått tid og utg. til fagkunnig bistand. Minstegebyr kr 13.242
Tillegg for bearbeiding	Kr 4.502	Kr 9.005	Etter medgått tid og utg. til fagkunnig bistand. Minstegebyr kr 13.242

¹⁾ Basisgebyret er eit fast gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med eit planforslag som er fullstendig frå søkjar si side, fram til saka er ei "offentleg" plansak.

Basisgebyr:

Basisgebyret dekker arbeid kommunen har med saka inntil ho vert ei "offentleg sak". Gebyret gjeld saker som er fullstendige frå søkjar si sida og er delt i 3 kategoriar alt etter storleik og kompleksitet:

Enkel sak: Saka er i samsvar med overordna plan og har einsarta utbyggingsføremål

Middels sak: Saka er for det meste i samsvar med overordna plan og/eller har komplekse og samansette utbyggingsføremål.

Kompliserte sak: Ikkje i samsvar med overordna plan. Der overordna plan er meir enn 10 år, kan rådmannen når særlege grunnar ligg før, redusera basisgebyret og tilleggsgebyra for Komplisert sak, men ikkje lågare enn gebyra for Middels sak.

Tillegg for rammeavklaring

Tilleggsgebyret gjeld tilsvarande rammer som er uavklart(e) i høve til lov, forskrift, overordna plan eller vedtak gjort i medhald av desse.

Inndelinga er definert slik:

Enkel sak: Få og små uavklarte tilhøve i forhold til gjeldande plan(ar).

Middels tung sak: I samsvar med overordna plan, men manglande detaljavklaring.

Komplisert sak: Saka manglar avklaringar i høve til overordna regelverk, plan eller offentleg vedtak

Tillegg for bearbeiding av planpresentasjonen

Tilleggsgebyret gjeld tilsvarande bearbeiding av planpresentasjonen. Inndelinga er definert slik:

Enkel sak: Nokre mindre justeringar må utførast (inntil 1 dagsverk)

Middels sak: Omfanget av den kommunale bearbeidinga krev eitt til fire dagsverk

Komplisert sak: Større grad av kommunal bearbeiding

C.2.2 Forny søknad

Dersom det innan eitt år blir innsendt fornya søknad for plan som er nekta fremja, skal det betalast halvt basisgebyr (pkt. C.2.1) og fulle tilleggsgebyr der søknaden medfører tilleggsarbeid for kommunen.

Ein fornya søknad skal klassifiserast ut frå den situasjonen som søknaden er i, i høve til klassifiseringsreglane ovanfor. Deretter skal kommunen rekna ut gebyret for saka.

C.2.3 Søknad om planendring

For søknad om endring av godkjent plan, skal det betalast følgjande gebyr:

Basisgebyr:

Klasse 1 (mindre vesentlege endringar) **kr 2.252**

Klasse 2 (vesentlege endringar uten protest) **kr 9.932**

Klasse 3 (vesentlege endring der det er usemje): Basisgebyr som for ny sak; sjå C.2.1

I tillegg kan det for alle klassane krevjast gebyr etter C.2.1 for tilleggsarbeid.

Det skal gjevast 25 % rabatt på basisgebyret dersom plankartet er digitalt på sosi-format.

C.3 Tiltakssaker (bygge- og anleggssaker)

Gebyret for tiltakssakene er med unntak for meldingssakene (§§ 81, 85, 86 a og 86 b), og heis m.v. (§ 106 a), samansett av eit basisgebyr og eit tilleggsgebyr.

C.3.1 Meldingssaker (pbl §§ 81, 85, 86 a og 86 b)

a. Sak som krev oppdatering av offentlege kart eller register: **kr 2.126**

b. Sak som ikkje krev oppdatering av offentlege. kart eller register: **kr 1.418**

Der meldinga krev avklaring mot anna lovverk (td driftsbygning i landbruket) skal det betalast dobbelt gebyr av a., evnt b.

Der kommunen krev at ei meldingssak skal gjerast om til søknadssak, skal betalt gebyr for meldinga koma til frådrag i saksgebyret.

Der tiltakshavar innan 3 år sender revidert melding som medfører ajourføring av offentleg kart eller register, skal det betalast tilleggsgebyr tilsvarande 25 % av gebyr etter pkt. a.

C.3.2 Dispensasjon (pbl § 7)

Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til saksgebyr etter pkt. C.3

Dispensasjon frå bestemmelsar i plan og bygningslova: avgjort ved politisk vedtak: **kr 1.418**

Dispensasjon frå arealdel kommuneplan, regulerings- eller bebyggelsesplan eller pbl §17.2 **kr 4.255**

Der planen det vert søkt dispensasjon frå er eldre enn 10 år, kan administrasjonen når særlege grunnar ligg føre frita frå å betala gebyr for dispensasjon.

Der det er dispensasjon både frå arealplanar og pbl 17.2, skal det ikkje betalast dobbelt gebyr.

Dispensasjon frå arealplanar og eller pbl §17.2 som vert avslegen utan å ha vore på høyring: **kr 1.418**

C.3.3 Søknadspliktige tiltak (pbl § 93 unnateke § 93 bokstav h og § 106 a)

Kommunen fastset i alle søknadssakene kva punkt i regulativet gebyret skal reknast ut etter.

Basisgebyret² er inndelt i tre klassar tilsvarande tiltaksklasseinndelinga i GOF § 12 for sakene.

<i>Nivå</i>	<i>Tiltaksklasse 1</i>	<i>Tiltaksklasse 2</i>	<i>Tiltaksklasse 3</i>
1:Bygningar ³ , bustadhus, fritidshus, næringsbygg o.l.	Kr 5.515	Kr 9.456	Kr 15.760
2: Andre søknader	Kr 3.940	Kr 5.515	Kr 9.456
3: Mindre søknader	Kr 2.126	Kr 3.940	Kr 6.302

² Basisgebyret i tiltakssakene er eit fast gebyr for sak som er fullstendig tilrettelagt frå søker si side.

³ Konstruksjon, anlegg og vesentlege endringar av terrenget, som er med i ein byggesøknad, er medrekna i gebyret. Der bustadbygning har fleire bueiningar som tilfredsstillar krava til å kunna bli registrert som eigen seksjon etter lov om eigarseksjonar, skal det betalast følgjande tillegg per eining:

Eining nr. 2 til og med nr 5: 50 % av satsane i tabellen.

Frå og med eining nr. 6: 20 % av satsane i tabellen.

For bueining som ikkje tilfredsstillar dei fysiske krava for å kunna bli registrert som eigen seksjon etter lov om eigarseksjonar, skal det per eining betalast eit tillegg på 20 % av satsane i tabellen.

For tilbygging av ny(e) bueining(ar), eller tilbygging, påbygging eller underbygging som vesentleg endrar eksisterande bygning, skal det betalast gebyr som for ny bygning.

Tilleggsgebyr: Der ei søknadssak medfører ekstraarbeid for kommunen, skal det krevjast tilleggsgebyr etter denne skalaen:

1 Lite (inntil eit halvt dagsverk) **kr 1.418**

2 Middels (inntil 1 dagsverk) **kr 2.838**

3 Mykje (meir enn 1 dagsverk) Medgått tid. Minstegebyr: **kr 5.674**

Tilhøve som medfører tilleggsgebyr etter C.3.3 og C.3.4. er m.a.: Delt sakshandsaming, innhenting av tilleggsdokumentasjon, synfaring, vurdere søknad om ansvarsrett som ikkje er vurdert tidlegare for tilsvarande ansvar, ta mot eller vurdere innvendingar frå naboar, innhente uttale/samtykke frå andre styresmakter, rette manglar ved søknaden (der dette er mest rasjonelt for kommunen).

I tillegg skal kommunen krevja dekkja sine utgifter til ekstern spesialkompetanse i saka.

C.3.4 Delingssøknad (pbl § 93 bokstav h)

For søknad som er samordna med annan tiltakssøknad, f.eks. byggesøknad, skal gebyret vera 75% av satsane nedanfor.

	<i>Regulert område</i>	<i>Uregulert område</i>
Basisgebyr byggjetomter	Kr 1.418	Kr 2.126
Basisgebyr andre eigedommar	Kr 1.418	Kr 2.126

Tilleggsgebyr:

- Der delingssøknaden medfører ekstraarbeid for kommunen, skal det krevjast tilleggsgebyr etter skalaen for tilleggsgebyr under C.3.3 ovanfor.
- Inneber søknaden dispensasjonsvurdering, skal det i tillegg betalast gebyr etter pkt. C.3.2.
- For delingssak som også krev godkjenning etter jordloven, skal det i tillegg krevjast gebyr etter forskrift om gebyr for behandling av konsesjonssaker m.v. av 29. desember 1993, § 1, bokstav b.
- Der delingssaka krev utsleppsløyve, skal det i tillegg betalast gebyr etter kap.G nedanfor.

C.3.5 Heis, rulletrapp, og rullande fortau. (pbl § 106 a)

Søknad om installasjonsløyve:

kr 1.418

Der kommunen må nytta fagkunnig hjelp til sakshandsaming og i kontroll av anlegg som er i drift, skal eigar(iltakshavar) dekkje kommunen sine utlegg til fagkunnig hjelp.

C.3.6 Endringar i høve til gjeve løyve eller registrert melding

For sakshandsaming av endringsforslag skal det betalast gebyr i samsvar med reglane for tilleggsgebyr i C.3.3

Er det søkt om større endring(ar), kan kommunen krevja at saka skal handsamast som ny sak. Kommunen skal i så fall avgjera om det skal fastsetjast reduserte gebyr i høve til regulativet, jf. kap. A.4.

Kap. D: GEBYR FOR ARBEID ETTER DELINGSLOVA (§ 5-2)

D.1 Kartforretning

D.1.1 Kart- og delingsforretning over areal til utbyggingformål:

areal til og med 2 dekar

kr 12.423

areal 2 til 5dekar

kr 17.516

areal over 5 dekar:

kr 17.516 + kr 796 pr påbegynt da.

Ved samstundes frådelling av tomter som grensar til kvarandre, er gebyret 80 % av ovanstående gebyr frå og med tomt nr. 6.

D.1.2 Kart- og deleforretning for tilleggsareal:

areal til og med 2 da:

kr 5.574

areal over 2 da:

kr 5.574 + kr 796 pr påbegynt da.

Der tilleggsarealet kjem frå fleire eigedomseiningar, skal det reknast gebyr for kvar frådelt parsell etter ovanstående tabell.

D.1.3 Kartforretning over grenser

Til og med 2 grensepunkt

kr 5.574

For overskytande grensepunkt, pr. punkt

kr 796

D.1.4 Kartforretning over punktteste

Der måling/merking er nødvendig

kr 5.574

Der måling merking ikkje er nødvendig

kr 3.980

D.1.5 Avbroten kartforretning

Før beramming	kr 796
Etter beramming	kr 1.592
Etter at forretning er avslutta 80% av D.1.	

D.1.6 Midlertidig kartforretning

I tillegg til øvrig gebyr	kr 1.910
---------------------------	----------

D.1.7 Kartforretning over større samanhengande areal

Større areal til landbruksføremål, samt allmennyttige formål	kr 12.423
Over 2da pr påbegynd da:	kr 398

D.2 Registrering uten kartforretning

D.2.1 Registreringsbrev

For utarbeiding av registreringsbrev etter kap. 27 i forskriftene til delingslova og oppfølgjande registreringsarbeid, er gebyret per nytt registernummer	kr 3.980
---	----------

Der sjølve registreringsbrevet blir utarbeidd av ekstern instans, skal det svarast halvt gebyr. Dersom dokumentasjonen blir levert i digital format med SOSI-koding, er gebyret 20 % av fullt gebyr.

D.2.2 Utarbeiding av målebrev for grunnareal til seksjon

Der utarbeiding av målebrev krev markarbeid, er gebyret pr. Seksjon.	Kr 11.147
Der utarbeiding av målebrev ikkje krev markarbeid, er gebyret pr. seksjon	kr 5.574
Ved reseksjonering som medfører endring av grenser for ein seksjon sitt uteareal, skal det lagast nytt målebrev. Gebyr skal svarast i samsvar med ovanstående satsar.	

D.2.3 Ajourført målebrev etter kap. 20 i forskriftene

Ajourføring av målebrev med koordinatar for grensene for registernummer som blir endra ved ei grenseregulering eller ved etablering av ny eigendom.	
Påteikning ved grenseregulering/justering og ajourføring av målebrev:	kr 1.592

D.3 Grensepåvising

For påvising av grense ut frå koordinatfastsette grenser i målebrev eller eigedomskart:	
Til og med to punkt:	kr 3.980
Tillegg pr. punkt frå og med punkt nr. tre,	kr 796

D.4 Registerutskrifter

Det skal svarast gebyr i samsvar med kap. B.1

Kap. E: GEBYR FOR ARBEID ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (§ 7)

E.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av ein eigedom

a. Sak som krev synfaring: fem rettsgebyr.	
b. Sak som ikkje krev synfaring: tre rettsgebyr.	
1 rettsgebyr tilsvarende for 2009:	kr 860

E.2 Utarbeiding av målebrev for grunnareal som er del av ein seksjon

Der det inngår grunnareal i ein seksjon, skal det i tillegg til seksjoneringsgebyr etter E.1, betalast gebyr etter reglane i kap. D.2.2 eller D.2.3.

E.3 Ny handsaming av avslegen søknad

Der fornya søknad om seksjonering eller reseksjonering av eit bruksnummer eller festenummer, fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr koma til frådrag dersom søknaden kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag. (Kjem ny søknad på seinare tidspunkt, skal det betalast fullt gebyr.)

Kap F: FORSKRIFT OM GEBYR FOR BEHANDLING AV KONSESJONSSAKER M.V. AV 29. DESEMBER 1993

Gebyr etter reglane i forskrifta stort: **kr 750.**

Kan krevjast for følgjande saker:

F.1: Søknader om konsesjon (ervervsløyve) etter:

1. Lov av 3. juli 1914 nr. 5 om erverv av kalksteinsforekomster,
2. Lov av 17. juni 1949 nr. 3 om erverv av kvartsforekomster,
3. Lov av 31. mai 1974 nr 19 om konsesjon og om forkjøpsrett for det offentlige ved erverv av fast eiendom (konsesjonslova).

F.2: Søknader om delingsamtykke etter lov om jord (jordloven) av 12. mai 1995 nr. 25 § 12.

Kap G: GEBYR FOR ARBEID ETTER FORSKRIFT OM UTSLEPP FRÅ MINDRE AVLØPSANLEGG (§9)

G.1 Søknadssaker

Det skal betalast gebyr per utslepp etter følgjande satsar:

a Anlegg der utsleppet er kalkulert til < 15 PE	kr 1.985
b Anlegg der utsleppet er kalkulert til mellom 15 og 100 PE	kr 4.167
c Anlegg der utsleppet er kalkulert til mellom 100 og 1000 PE	kr 6.252

Der ein søknad gjeld fleire avløp av same storleik på same eigedom i høve til inndelinga ovanfor, skal det krevjast halvt gebyr per avlaup frå og med nr. 2.

Der ein søknad gjeld fleire avløp av ulik storleik på same eigedom i høve til inndelinga ovanfor, skal det krevjast fullt gebyr for det avløpet som gjev størst gebyr og halvt gebyr i høve til klassen per tilleggsavløp.

G.2 Meldingssaker

For meldingssaker etter § 5 er gebyret per avløp **kr 606**

G.3 Ny handsaming av avslegen søknad

Der fornya søknad om utsleppsløyve fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr koma til frådrag dersom søknaden kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag. (Kjem ny søknad på seinare tidspunkt, skal det betalast fullt gebyr.)

II Gebyr/betaling for tenesteyting:

INNHALD

side

Gebyr vatn- og avløp	11
Gebyr feiing	11
Gebyr renovasjon	12
Gebyr slamtøming	12
Utstikking bygg	12

Gebyrsatsar vatn og avløp

Inkl. 25% MVA

- Tilknytningsgebyr vatn (dobbel sats næring over 300 m2) **kr.18.750,-**
- Tilknytningsgebyr avløp (dobbel sats næring over 300 m2) **kr.18.750,-**
- Abonnementsgebyr vatn kr. 1.500,-
- Abonnementsgebyr avløp kr. 1.375,-
- M3- sats drikkevatt kr. 11,-
- M3- sats avløp kr. 9,63
- Plomberingsgebyr kr. 1.250
- Avlesingsgebyr vassmålar kr. 625
- Gebyr for leige av vassmålar 000 mm <D< 025 mm **kr. 288**
- Gebyr for leige av vassmålar 026 mm <D< 040 mm **kr. 375**
- Gebyr for leige av vassmålar 041 mm <D< 050 mm **kr. 600**
- Gebyr for leige av vassmålar 051 mm <D< 100 mm **kr. 2.000**
- Gebyr for leige av vassmålar 101 mm <D< 150 mm **kr. 2.150**
- Gebyr for leige av vassmålar 151 mm <D< 200 mm **kr. 3.250**

Bustadhus utan vassmålar:

Bustadhus 0 – 80 m2 stipulert 150 m3 per år

Bustadhus 81 – 300 m2 stipulert 200 m3 per år

Bustadhus 301 m2 eller større: stipulert 300 m3 per år

Fritidshus alle: stipulert 50 m3 per år

GEBYR FOR FEIING OG TILSYN MED FYRINGSANLEGG.

Jfr. §28 I Lov om vern mot brann, eksplosjon og farlig gods og om brannvesenets redningsoppgave.

25% MVA er inkludert.

For feiing av skorstein kvart 2. år, samt tilsyn med fyringsanlegg kvart 4.år er gebyra:

A. Skorstein m/ 1 løp:	kr. 230,- pr. år.
B. Skorstein m/ 2 el. fleire løp:	kr. 280,- pr. år.
C. To skorsteinar m/1 løp	kr. 365,- pr. år

GEBYR FOR RENOVASJON.

Jfr. Forurensingslova § 34.

25% MVA er inkludert.

Beholdar i liter:

Bioavfall 130/140	kr. 416,-
Papiravfall 130/140	kr. 208,-
Restavfall 130/140, tømning kvar 4.veke	kr. 438,-
Restavfall 240, tømning kvar 4.veke	kr. 750,-
Restavfall 240, tømning kvar 2.veke	kr. 1800,-
Restavfall 660, tømning kvar 4.veke	kr. 2063,-
Grå sekk (ekstrasekk for restavfall)	kr. 40,-
Abonnementsgebyr hus	kr. 600,-
Abonnementsgebyr hytter	kr. 938,-

Ved andre renovasjonsordningar kan SIM fastsetja gebyret.

GEBYR SLAMTØMIG

Tømning av slamtankar **ÅRLEG GEBYR**

Inkl. 25% mva

HEILÅRSHUS, tømning kvart 2. år, tankvolum 0 til 4m3 **kr. 725**

HYTTER, tømning kvart 4. år, tankvolum 0 til 4 m3 **kr. 415,-**

Ved andre typar tankar og tømingar vert prisar fastsett av SIM. Naudtømingar vert fakturerte direkte frå SIM

PRIS FOR ANDRE TENESTER:

Utstikking bygg: kr 3.125 inkl MVA.